



DEN NORSKE KYRKJA

Helgheim sokneråd Referat 03.03.2025

Styre, råd og utval Helgheim sokneråd	Møtestad Skei Misjonshus	Møtedato 03.03.2025
Arkiv nr.		Møteslutt 20.40

Til stades på møtet:

Desse møtte: Hildegunn Huus, Norvald Nedrebø, Steinar Dvergsdal, Bjørn Anders Steinsund, Marit Vallestad, Prest Geir Sørebo (på teams), Aud Førde
Meldt forfall Camilla Klakegg
Saker 5 - 11/25

Opning v/ Hildegunn

Sakliste:

- Sak 05/25 Godkjenning av innkalling.**
Vedtak: Innkallinga godkjent.
- Sak 06/25 Godkjenning av referat av 04.02.25**
Vedtak: Referat godkjent.
- Sak 07/25 Godkjenning av rekneskap 2024**
Vedtak: Soknerådet godkjenner den framlagde rekneskapen for 2024 Med eit mindreforbruk på kr 35 200. Overskot/mindreforbruket vert lagt til disposisjonsfondet, som med det aukar til kr 362 816.
- Sak 08/25 Budsjett for 2025.**
Vedtak: Soknerådet godkjenner framlagt budsjettforslag for 2025 med Følgjande justeringar som kom fram i møte:
Tilskot frå fellesråd blir sett opp med kr 8 000,-
- Sak 09/25 Årsmelding for 2024**
Vedtak : Årsmelding godkjendt slik den ligg føre med mindre endring gjort i møte:

side 3 :

Arbeidet i soknet – stryk dei 2 siste setningane i 1.avsnitt
Erstatt med: Mange av desse gudstenestene er godt besøkte.
Årsstatistikken viser at deltakarane på gudstenestene på søn- og helgedagar har auka frå 2023-2024. Ein god auke etter koronaen. Det er og positivt av mange deltek i alle kyrkjene uansett sokn.



Siste avsnitt: Ved dåpsgudstenestene har fadrane eller familiemedlemene delteke

Side 4 :

strekpkt 4 : Gudsteneste før jul og påske for Skei skule.

Siste avsnitt 4 linje: Apostelgjerningane bytast ut med Lukasevangeliet.

Side 5 :

Kyrkjemusikalsk arbeid

Set inn før siste avsnitt :

24.08.24 var det konsert i Helgheim kyrkje med Østerlide trio som tolka folketonar, ein fin konsert som passa godt i kyrkja.

Side 7:

Strekpkt 3: Ålhus bytast ut med Sokna i Jølster.

Under arrangement : Konsert med Østerlide trio.

Side 11:

Skei Misjonshus.

Siste avsnitt : Skei misjonshus er ein 40 åring i god stand og har

Side 17:

Tilsette : frå 01.10.24 Geir Sørebo (feil dato):

Sak 10/25 Trefelling/nyplanting ved Helgheim kyrkjegard.

Vedtak: Helge Årdal får felle dei 2 trea mot E39 utifrå det som vart avtalt på tidlegare synfaring.

Sak 11/25 Meldingar / orientering

- Kirkens Nødhjelp fasteaksjon 7. april – praktisk info v/Marit
- Synfaring ved Helgheim kyrkje/Helgheim kyrkjegard v/Hildegunn.